

Handlingsprogram, Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017 – 2027

Idrett

Slik vil me ha det (Mål)	Slik gjer me det (Tiltak)
I Kvam skal me ha gode, trygge og inkluderande idrettstilbod til innbyggjarane	<p>Oppretthalda tilbodet om fleiridrett.</p> <p>Utvikla gode samarbeidsrutinar og informasjonsmateriell som sikrar at innbyggjarar med innvandrar bakgrunn får tilstrekkeleg informasjon om idrettstilbod som finst.</p> <p>Gjera ei vurdering om å oppretta søkbare tilskotsordningar til kurs og opplæring av trenarar og leiarar i idretten.</p> <p>Vera ein pådrivar for at idrettslaga i Kvam har ein antidoping policy (www.rentidrettslag.no)</p> <p>Gje tilbod til alle idrettslag i Kvam om å verta "sjå og bli sett klubb", som eit ledd i Av-og-til arbeidet til Kvam herad.</p>
Kvam herad skal fortsetja å ha søkbare støtteordningar for lag og organisasjonar som organiserer og drifter idrettstilbod	<p>Oppretthalda søkbare støtteordningar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.</p> <p>Gå gjennom, oppdatera og gjera eventuelle endringar i retningslinene for tilskotsordningar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv kvart 4.år.</p>
Idrettsrådet skal vera eit organ på vegne av idretten i Kvam som set idrettsspørsmål på agendaen og som bidreg til gode vilkår for idretten i Kvam	<p>Oppdatera og fornya samarbeidsavtalen mellom Kvam herad og idrettsrådet</p> <p>Gjera innhaldet i samarbeidsavtalen kjent både for politikarar, idrettslag og kommunal administrasjon</p> <p>Gjera idrettsrådet si rolle, funksjon og oppgåver kjent for målgrupper som heradstyret, idrettslaga, kommunal administrasjon mfl</p>



Foto: Ålvik idrettslag

Eigenorganisert fysisk aktivitet

Slik vil me ha det (Mål)	Slik gjer me det (Tiltak)
Auka bruken av sykkelvegane i kommunen	Ta i bruk ulike «sykkeltkampanjar» retta mot ulike målgrupper Etablere og synleggjera sykkelvennlege tiltak i nærmiljøa
Ha oversikt og ta vare på transport og ferdselsårer som barn og ungdom nyttar i sine lokalmiljø	Barnetråkkregistrering med jamne mellomrom Bruka kunnskapen om mykje nytta transport og ferdselsårer (mellom anna frå barnetråkk) som viktige innspel til planarbeid i kommunen. Arbeida for lyssetting av prioriterte tur og gangvegar
Innbyggjarane i Kvam skal ikkje ha meir enn 200m frå bustaden til eit aktivitet/rekreasjonsområde.	Sikre areal til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i arealplanlegging og arealforvaltning. Nytta spelemiddelordninga i utvikling av nærmiljøanlegg
I Kvam vil me ha tenestetilbod som fremjar fysisk aktivitet	I møte med innbyggjarar og i utvikling og drift av tenestetilbod skal Kvam herad søkja og fremja fysisk aktivitet Kvam herad skal vurdere om det skal lagast ei utgreiing om kva og korleis organisera og drifta ei utlånsordning for fritidsutstyr.
Innbyggjarane i Kvam skal ha kunnskap om dei helsegunstige effektane av fysisk aktivitet	Informasjon om fysisk aktivitet og helse på nettsidene til Kvam herad Kommunen skal bidra med foredrag og informasjon om fysisk aktivitet i ulike samanhengar.



Foto: Trond Inge Brakestad

Friluftsliv

Slik vil me ha det (Mål)	Slik gjer me det (Tiltak)
Få fleire ut på tur	<p>Laga oversikt over alle merka turveggar i Kvam.</p> <p>Fortsetja arbeidet med å utarbeida turskildringar og kartutsnitt av turar og turmål i Kvam, i samarbeid med lag og organisasjonar.</p> <p>I samarbeid med lag og organisasjonar vurderer behov for og setja opp bord og benker på turmål eller undervegs til turmåla. Det kan og vera aktuelt å setja opp gapahukar eller troskytjer fleire stader.</p> <p>Laga oversikt over friluftsområde som er universelt utforma samt kva tilrettelegging dei ulike turmåla har.</p>
Innbyggjarar og tilreisande til Kvam skal ha tilgang til sjøen og høve til variert friluftsliv langs og på sjøen	<p>Bidra til utvikling av padleruter for kajakk</p> <p>Oppretthalda etablerte badeplasser og gjera desse kjent for innbyggjarar og tilreisande.</p> <p>Oppretthalda og leggja til rette for gode fiskeplassar langs sjøen.</p>
Innbyggjarane i Kvam har kunnskap om friluftsliv	<p>Gjera ei vurdering om å oppretta søkbare tilskotsordningar til kompetanseheving for turleiarar og andre som har funksjonar som kan ha nytte av opplæringstilbod innan friluftsliv.</p> <p>Nytte Kvam herad sine nettsider til å gje informasjon om td ferdselsreglar, allemannsretten, kart, skredvarsel mv.</p>
Det skal vera godt samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og friluftslivsorganisasjonar	<p>Leggja til rette for god dialog med grunneigarar om tilrettelegging for friluftsliv.</p> <p>Vurdera oppretting av eit lokalt friluftsråd som kan bidra med å løfta friluftslivsarbeidet i Kvam, både den delen som er næringslivsretta men og friluftslivet som fritidsaktivitet.</p>
Kvam herad skal ha fortsetja å ha søkbare støtteordningar innan friluftsliv.	<p>Oppretthalda søkbare støtteordningar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsføremål.</p> <p>Gå gjennom, oppdatera og gjera eventuelle endringar i retningslinene for tilskotsordningane for friluftsliv kvart 4.år.</p>



Foto: Kjell Inge Tyssen

Bruk og drift av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Slik vil me ha det (Mål)	Slik gjer me det (Tiltak)
I Kvam skal me ha gratis leige av idr.hall/gymsal til bruk i lagsaktivitetane. Ordninga gjeld for lag og organisasjonar heimehøyrande i Kvam	Ha oppdaterte retningslinjer (og avtalar) for leige og bruk av idrettsanlegg i kommunen.
I Kvam skal me ha enkle og oversiktelege ordningar for leige og booking av idrettshallar, gymsalar og symjehallar.	Gå gjennom rutinar, retningslinjer, arbeidsfordeling og arbeidsmåtar for leige og booking av idrettshallar, gymsalar og symjehallar
I Kvam skal idrettsanlegga vera mest mogleg opne og tilgjengelege for innbyggjarane	Prøva ut ulike ordningar for «open-hall». Basert på erfaringar frå utprøvinga skal tiltaka/et vurderast som fast tiltak.
Kvam skal arbeida for å ha godt vedlikehaldne og funksjonelle idretts- og friluftslivsanlegg.	Arbeida for å laga ein samla vedlikehaldsplan for idrett-, friluftsliv- og nærmiljøanlegg i kommunen. Prioritera rehabilitering av aktivitetsanlegg og aktivitetsområde
Kvam herad skal ha god oversikt over alle idrett-, friluftsliv og nærmiljøanlegg (tilstand, eigarskap, drift mv)	Utarbeida oversikt og sørgja for at oversikta vert oppdatert.
Kvam herad har tilsette som kan gje råd og rettleiing i høve søknad om spelemidlar.	Kvam herad skal til ei kvar tid har tilsette med relevant kompetanse.
I Kvam skal me har kunstgrasbanar som har god kvalitet for spelarane, men som og i størst mogleg grad spelar på lag med miljøet.	Kvam herad skal utvikla retningslinjer for korleis kunstgrasbanar i herad skal redusera og avgrensa spreiring av gummigranulat.
I framtida skal Kvam ha kunstgrasbanar med god kvalitet men som samstundes tek vare på miljøet	Vurdera utfasing av kunstgrasbanar med gummigranulat Vurdere andre kunstgrasmaterialer ved rehabilitering og nybygg av kunstgrasbaner
Områda rundt kommunale institusjonar skal stimulera og innby til fysisk aktivitet for brukarar og besøkande av huset/institusjonen.	I bygging og ved rehabilitering av kommunale institusjonar skal uteareal og høve til å vera i fysisk aktivitet takast med som ein naturleg del av planane.